

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV JUNI 2005.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Hans Gisle Holstad

Leiar ungdoms

utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad

Referent: Hans Gisle Holstad

Fødselsdager i juni:

Terje Dalsøren 11.06

Sverre Bjåstad 17.06

## 100% frammøte juni 2005:

Ingar Bigset, Sigurd Bigset, Johan Ole  
Brandal, Håkon Brekke, Håkon Eidsvik,  
Johs. Hareide, Otto Holstad, Arve R.  
Røyset, Trygve Riise, Jarle Klungsøy  
Håvard Jan Nytun

Frammøte 71 %

## De seirende

Deres er hemmeligheten:

Å gi.

Gyllen gir jorden dem hveten  
tilbake, fordi:

Allting skal gis dem mer enn de gav  
-skummet fra bølgen blir rav  
Og gir seg tilbake til den --,  
alt gis igjen, rose og venn.

Disse som gir,  
eier

mer enn de har.

Og tingene blir  
flere enn de var.  
Dette er seier.

*Jens Bjørneboe*

## **Månadsbrev Hareid Rotaryklubb - Juni 2005**

*Referent: Hans Gisle Holstad*

### **Møte 6. juni**

Presidenten Ingar Bigset leia møtet. Det var særskilt godt frammøte. Kanskje var rekene med godt brød til, noko av årsaka. Kameratskapskomiteen og Vennskaps-komiteen var ansvarlege for eit fint sosialt samvær. Johs Hareide orienterte om føreståande dagnad på turvegen langs Hareidselva. Praten gjekk livleg rundt borda etter at "No livnar det i lundar" var sunge.

### **Møte 13. juni**

Møtet var avsett til dagnad på turstien langs Hareidselva. 17-20 medlemmar hadde møtt fram, og sveitten rann etter ein god times arbeid med innlagd matykt. Ein starta nedst ved den nye bruhaugen over elva, - sakser, tenger, motorsager og handemakt som reiskap. Johs Hareide leia dagnaden. Krattskogen og tre forsvann fort.

### **Møte 20. juni**

Dette var eit spesielt møte sidan klubben hadde bestemt å dele ut PAUL HARRIS FELLOW RECOGNITION (PHF) til **Solbjørg Pilskog**.

PHF er ei heidersbevisning for spesiell samfunnsgagnleg innsats.

President **Ingar Bigset** ynskte medlemane velkomne og innleiingsvis passa songen "Å leve det er å elska..." svart godt denne kvelden.

Før utdelinga av prisen til, var det også andre viktige innslag på dette møtet.

**Sanjayan Selvamanickam** vart teken opp som medlem. Fadder var **Elias Sellevoll**.

Han gjekk gjennom prosedyrar og orienterte på ein fin måte om Rotary og målsetjinga om "Å gagne andre" m.a. ved å stille spørsmåla i valsituasjonar: Er det sant, er det rett, vil det skape forståing og er det best for alle det vedkjem.

**Solbjørg Pilskog** fekk så Paul Harris for det store arbeidet ho har gjort gjennom eit langt liv som misjonær i Kamerun.

Presidenten gjekk gjennom grunngjevinga for tildelinga, og uttrykte ære for å kunne utnemne henne til PHF for stor samfunns-messig innsats.

Seremoniemeister Elias Sellevoll overrekte så medalje og diplom som synlege bevis.

Solbjørg Pilskog takka hjarteleg og fortalte deretter levande om arbeidet i Kamerun.

Ho uttrykt bekymring over at skilnaden mellom fattig og rik i landet hadde vorte større med åra, og takka til slutt både for medalje, diplom og merksemd.

Johs Hareide oppmoda elles medlemane til ekstra dagnad på turstien 21. og 28. juni.

### **Møte 27. juni**

Møtet opna med vakker pianomusikk av Atle H Havåg. Han spelte Chopin så det "grein".

Det var presidentskifte denne kvelden, så pianomusikken innleiingsvis skapte ei fin høgtid

Før skiftet minnte Johs om dagnad. Det var bløtkake denne dagen. Det brukar det alltid å vere under presidentskiftet.

Seremoniemeister Hallkjell Dahle leia skiftet på ein framifrå måte.

Ingar Bigset takka for seg og for samarbeidet, og Arve R Røyset, påtroppende president, var spent på det nye året, og lova å gjere sitt beste.

Irene Standnes skal flytte frå kommunen, og ho nyttar ein del av tida til å takke for seg. Ho las dikt av Haldis Moren Vesaas og knytte takk til Rotary og kommunen, og understreka at ho hadde hatt eit fint opphold i Hareid.(Ho skal flytte til Oslo).